



## Statens vegvesen

Berørte parter

Behandlende enhet:  
Region vest

Saksbehandler/telefon:  
Kjetil Medhus / 48207856

Vår referanse:  
17/62839-76

Deres referanse:

Vår dato:  
01.04.2019

### Varsel om offentlig ettersyn – detaljregulering på høring – plan 2107, fv. 47 Åkra sør–Veakrossen

På vegne av Rogaland fylkeskommune har Statens vegvesen, i samarbeid med Karmøy kommune, utarbeidd forslag til detaljregulering for ny fv. 47 mellom Åkra sør og Veakrossen. Reguleringsplanen ligg ute til offentlig ettersyn i **perioden 03.04.19 til 22.05.19**, og vi ber om eventuelle merknader til planen.

#### Kor er planen tilgjengeleg?

Planen er tilgjengeleg på

- servicetorget i Karmøy kommune, Statsråd Vinjesgate 25, Kopervik,
- nettsidene til Statens vegvesen: [www.vegvesen.no/Fylkesveg/fv47akrehamn](http://www.vegvesen.no/Fylkesveg/fv47akrehamn)

#### Informasjonsmøte

Statens vegvesen arrangerer informasjonsmøte i Karmøy kulturhus, Åkrehamn, 25.04.2019 klokka 18:30, for å informere meir om reguleringsplanen og svare på spørsmål.

#### Opne kontordager

Statens vegvesen arrangerer opne kontordager hos Statens vegvesen, Rennesøygata 16, Haugesund, 29.04.2019 og 07.05.2019. Tidsrommet begge dagene vil vere klokka 12:00 til 18:00.

Dersom du har behov for å avtale særskilt tidspunkt for eit møte i løpet av desse dagane eller i løpet av høyringsperioden kan du rette ein førespurnad om dette til oppgjevne kontaktpersoner under.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Bergelandsgata 30  
4012 STAVANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

### **Vi ber om merknader til planen**

Fristen for å sende merknader til reguleringsplanen er 22.05.2019. Send merknadene skriftleg til [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no), eller til Statens vegvesen, postboks 43, 6861 Leikanger. For arkivreferanse ber vi om at de merker sendinga med plan 2107 eller saksnummer 17/62839. De finn meir informasjon om den formelle planprosessen i plandokumenta.

### **Kort om planen**

Oppstart av reguleringsarbeidet blei varsla gjennom brev datert 07.11.2017.

Reguleringsplanen har blitt utarbeidd med utgangspunkt i kommunedelplan med planID 668, fv. 47 Åkra sør-Veakrossen, med tilhøyrande konsekvensutgreiing, vedteken av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 02.12.2016, sist stadfesta av same departement 07.12.2018. Sidan det føreligg konsekvensutgreiing og tilleggsutgreiingar som del av godkjend kommunedelplan, vurderer forslagstillar og Karmøy kommune at tiltaket ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing. Det har tidlegare blitt utarbeidd konsekvensutgreiing for fleire vegalternativ som del av vedteken kommunedelplan.

Ved Kommunal- og moderniseringsdepartementet si stadfesting av kommunedelplanen blei det stilt som føresetnad at det i tillegg til kommunedelplanen sitt alternativ også skulle utarbeidast eit alternativt planforslag i sør. Reguleringsplanen er difor utarbeidd i to alternativ. På strekninga Åkra sør (Ådland) til Myrdal medfører alternativa ulike traséer for ny fv. 47, mens alternativa er samanfallande på strekninga Myrdal til Veakrossen. Dette er nærare skildra i plandokumenta.

### **Aktuelt regelverk**

Dette varselet er sendt ut i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10. Planen er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-3 og 3-7. Forslagsstillar gjer oppmerksom på at det ikkje blir ny nabovarsling i byggesak for konstruksjonar (bruer og underganger) og støyskjermer, jamfør plan- og bygningslova §§ 12-10 og 21-3. Plassering og utforming av dei nemnde tiltaka er skildra i plandokumenta.

### **Ta gjerne kontakt med oss**

Dersom de har spørsmål til reguleringsplanen, kan de kontakte

- Henry Damman på e-post [henry.damman@vegvesen.no](mailto:henry.damman@vegvesen.no) eller telefon 415 26 589
- Kjetil Medhus på e-post [kjetil.medhus@vegvesen.no](mailto:kjetil.medhus@vegvesen.no) eller telefon 482 07 856

Med hilsen

Ivar Thorkildsen  
Seksjonsleiar  
Plan- og forvaltningsseksjon Haugesund

Henry Damman

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*